


Høyring av verneplan for skog

Utviding av Mørkvassjuvet naturreservat, Nome, Drangedal og Kviteseid kommunar



Austre og midtre del av område Groafjellet ved Flåvatn

Foto: Rein Midteng

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Juni 2025**

Innhald	side
1. Bakgrunn.....	3
2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....	3
3. Heimelsgrunnlag.....	3
4. Saksgang og innkomne merknader.....	4
5. Verneplanens omfang.....	7
6. Faktaark.....	8
7. Forslag til verneforskrift.....	12

Vernekart er lagt ved høyringa som eige vedlegg.

1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring forslag til vern av eit skogområde i Kviteseid kommune som grensar inn mot Mørkvassjuvet naturreservat i Nome og Drangedal kommunar.

Bakgrunnen for forslaget er eit tilbod frå ein privat grunneigar om frivillig vern av skog. Tilbodet kom inn 12. august 2019 frå AT Skog. Området vart kartlagt i 2021 og er vurdert til å ha nasjonal verdi (***).

2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, under dette auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa setja mål om vern av både offentleg eid skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet.

Naturfaglige evalueringer som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av norsk skogvern i 2016*», NINA rapport 1352/2017 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010. Dette arbeidet er samtidig eit viktig bidrag til å nå [FNs bærekraftsmål 15](#) som har som mål å verna, gjenoppretta og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, nedkjempa ørkenspreiing, stansa og reversera landforringelse og dessutan stansa tap av artsmangfald.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakstar for dei områda der det er behov for det. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir oversend grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet oppnemner ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandla med grunneigarane eller representanten til grunneigarane. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel blir gjennomført før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtak er fatta.

3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av mangfaldet til naturen (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om skiping av naturreservat blir gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

” Som naturreservat kan vernes områder som
 a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
 b) representerer en bestemt type natur,

- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

4. Saksgang og innkomne merknader

Formell start på verneplanarbeidet vart meld 19. mai 2023, og frist for innspel var 5. juli 2023. Det vart meld oppstart for 17 område samtidig og det kom inn totalt 11 merknader. For utviding av Mørkvassjuvet naturreservat kom det inn følgjande 7 merknader til oppstartsmeldinga:

Språkrådet (brev dagsett 1.6.2023) uttalar følgjande:

«Mørkvassjuvet naturreservat – utviding, Kviteseid kommune Vi har ingen merknader til at namnet Mørkvassjuvet naturreservat blir vidareført som namn på det utvida verneområdet. Skrivemåten er i samsvar med SSR, og namnet høver framleis på området. Vi gjer merksam på at namnet Mørkvassjuvet naturreservat ikkje er registrert i SSR.»

BaneNor (brev dagsett 14.6.2023) uttalar følgjande:

«Vi viser til varsel om oppstart av verneplanprosess, datert 19.05.2023. Ingen av verneområdene berører jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader».

Forsvarsbygg (brev dagsett 23.06.2023) uttalar følgjande:

«Vi viser til brev 19. mai 2023 med melding om start av verneplanprosess for frivillig vern av skog for 17 områder i kommunane Bamble, Fyresdal, Holmestrand, Tønsberg, Kviteseid, Midt-Telemark, Nissedal, Notodden, Seljord, Tinn og Tokke. Forsvarsbygg gjev høyringssvar i slike saker med det utgangspunktet å ta vare på Forsvaret sine arealbruksinteresser.

Vi ser foreløpig ingen konflikter med det foreslåtte verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsynte unntak for militær operativ verksemd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber òg om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Vi har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget».

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) (brev dagsett 30.06.2023) nemner si rolle og dei nasjonale mål for mineralforvaltninga. For området som vert foreslegne som ein del av Mørkvassjuvet naturreservat, uttalar DMF:

«Branås, Eidsbøgleivae – Gjuvstøvli, Heggneset, Jønjlilo, **Mørkvassjuvet**, Omnflug, Skriufjellet, Skuleholmfjellet, Stormyråsen, Storås, Tjuvberget, Øverland og Ånås DMF kan

ikkje sjå at det føreslegne vernet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift innafor desse områda. Her har vi derfor ingen merknader.»

Naturvernforbundet i Øst-Telemark (e-post med vedlegg dagsett 05.07.2023) uttalar følgjande:

«Vi er positive til at flere verdifulle skogområder i Notodden og Tinn vernes. Det er spesielt gledelig at det kommer inn gode tilbud fra skogeiere rundt Follsjå, et område vi har hatt fokus på, og der det har vært god dialog med skogeierne. Samtidig er vi opptatt av at det er de viktigste områdene som må prioriteres først, spesielt nå i en situasjon der det er begrenset med midler og lang kø av vernekandidater. Vi er også opptatt at grensene for verneområdene trekkes slik at de fanger opp verneverdiene på en helhetlig og god måte. Det er særlig områder i lavlandet og andre typer som har lav dekning av vern som vi ønsker å ha et spesielt fokus på.»

Naturvernforbundet har spesifikke kommentarer til nokre områder, men Mørkevassjuvet er ikkje blant desse.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) (brev dagsett 05.07.2023): Det er gjort eit utdrag av den delen av uttala som omfattar utviding av Brokefjell naturreservat.

«NVE har sett gjennom meldingen for de foreslåtte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m. Vi vil bemerke at det er viktig at denne type saker underlegges grundige saksbehandlingsprosesser og at alle involverte interessenter gis anledning til å uttale seg.

- Verneforslag for Brokefjell, (utv.) Brakandalen, Storskog, **Mørkvassjuvet, (utv.) ned mot Flåvatn**, Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia ligger nært eller grenser til reguleringsmagasinet Bandak.
- NVE ber om at alle berørte parter blir inkludert i adresselisten. Dette gjelder områdekonsesjonærer, netteiere, magasinregulanter, kraftselskapseiere, grunneiere m.m. Dette er for at de skal få muligheten til å uttale seg om hvorvidt vern påvirker eksisterende eller fremtidige planer.

Nettanlegg

Vi gjør oppmerksom på at nettselskapene Telemark Nett AS, Lede AS, DE Nett AS, Føre AS, Everket AS og Stannum AS har områdekonsesjon i de foreslåtte verneområdene. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett. Det er viktig at områdekonsesjonærer og netteiere vurderer om verneforslaget kommer i konflikt med deres eksisterende og fremtidige planer. Vi ber nettselskapene å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt.

Reguleringsmagasin

Så langt NVE kjenner til er det reguleringsmagasin som ligger nært eller grenser til områdene Brokefjell, (utv.) Brakandalen, Storskog, **Mørkvassjuvet, (utv.) ned mot Flåvatn**, Eidsborgkleivane-Gjuvstøyllia, Heggeneset, Jønjljo NR, (utv.) og Tjuvberget.

NVE ber statsforvalter ta kontakt med regulant/tiltakshaver av magasinene og eiere av kraftverk slik at de får mulighet til å uttale seg om hvorvidt de foreslåtte verneområdene

kommer i konflikt med drift av reguleringsmagasin, konsesjonsbestemmelser, om erstatninger gitt tidligere til grunneiere og vurdere hvorvidt det er aktuelt med heving av høyeste regulerte vannstand (HRV) i fremtiden. Vi ber selskapene og regulanter å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt. NVE gjør oppmerksom på at vern ned til høyeste regulerte vannstand (HRV) vil begrense muligheter for økning av HRV i framtiden. Hvorvidt dette er aktuelt, bør regulantene/tiltakshaver uttale seg om. Se nærmere under **Øvrige kommentarer til områdene** for informasjon om regulanter/tiltakshavere og selskaper.

Når verneområdet grenser med reguleringsmagasin kan det skje at regulanten er pålagt eller har behov for å rydde i kantsonen over HRV, neddemt område og elven nedstrøms. NVE vurderer det som nødvendig at konsesjonsbestemmelser blir ivaretatt.

I forbindelse med flere tidligere verneforslag som grenser til HRV, for eksempel Sandvik naturreservat i Fyresdal kommune, har NVE opplevd at grunneierne ble kompensert opptil en meter over HRV for erosjon, nødvendig hogst og rydding i forbindelse med reguleringen og varierende flomvannstander. Vi oppfordrer statsforvalteren til å be skogeieren(e) opplyse om det er noen privatrettslige forhold i de foreslåtte verneområdene, som vil kunne få betydning for vernet før verneområdene blir sendt på høring. Det inkluderer opplysninger som skogeieren(e) allerede har fått eller får utbetalt erstatninger i de foreslåtte verneområdene i henhold til skjønnsavgjørelser eller avtaler.

Kraftverk

Når det kommer til kraftverksinteresser ber vi statsforvalter sende verneforslaget til eierne av kraftverkene (nevnt nedenfor) for å unngå at verneforslaget kommer i konflikt med drift, vedlikehold eller oppgradering av kraftverkene. NVE ber kraftverkseierne å uttale seg om hvorvidt vern vil være i konflikt med drift og vedlikehold av kraftverket. Deres hensyn med tanke på drift og vedlikehold, konsesjonsbestemmelser må bli ivaretatt.

Øvrige kommentarer til områdene

4. Mørkvassjuvet, utv. ned mot Flåvatn. Grenser til reguleringsmagasinet Bandak. DE Nett AS har områdekonsesjon.»

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 24.07.2023) ber om at det av høringsdokumenta må kome frem korleis områda vert bruka i landbrukssamanheng, og at omsynet til dette må bli ivaretatt i verneforskriftene. Dei peikar spesielt på gjennomgåande vegar, stolar, beitebruk og reindrift. Statleg og kommunal landbruksforvaltning bør bli involvert i verneprosessen, uttalar direktoratet.

STATSFORVALTARENS KOMMENTARAR TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentera at det er teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd.

Noregs vassdrags og energidirektorat (NVE) opplyser at Flåvatn inngår i Bandak-reguleringa der det er ein bestemd høgaste regulerte vasstand (HRV). Eit vern kan påverka eit eventuelt ønske om heving av HRV. Det kan òg vera motstridane omsyn mellom vern og behov for skjøtsel av den nedste sona mot vatnet, påpeikar NVE. NVE har sendt uttalen sin i kopi til eigar av kraftverket og tiltakshavar. Statsforvaltaren oppfattar at dette bør vera tilstrekkeleg i forkant av ein høyringsprosess. I sjølve høyringsprosessen får dei aktuelle instansar ei ny moglegheit til å uttala seg til verneforskrifta.

Når det gjeld uttala frå Landbruksdirektoratet, vil vi notera at område som vert foreslått verna ikkje har støl/seterbusetnad i tilbodsområde. Dersom det skulle vera aktuelt med beitedyr her er det teke omsyn for det i gjeldande verneforskrift §4 punkt 4. Også eldre driftsveier kan vedlikehaldast slik det går fram av § 4 punkt 14.

Andre utsegn blir tekne til etterretning.

Videre sakshandsaming

Verneforslaget med områdeskildringar, kart over verneområdet og forslag til verneforskrift blir sendt på ein felles sentral og lokal høyring. Formålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli ramma av den planlagde fredinga.

Etter høyring vil Statsforvaltaren oppsummera høyringsuttalene, kommentera desse og utarbeida ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil deretter skrive sin innstilling til Klima- og miljødepartementet (KLD) og vedtak om freding blir gjort ved kgl. Res. i statsråd.

5. Verneplanens omfang

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar	Totalareal (utviding)	Verneverdi
Utviding av Mørkvassjuvet NR	Kviteseid	1	1053 dekar	Nasjonal (***)

Verneverdi er etter vurdering mot heile verneområdet samla oppjustert frå regional til nasjonal verdi

6. Faktaark

LOKALITET:	Mørkvassjuvet naturreservat, utviding
KOMMUNE:	Kviteseid
FYLKE:	Telemark
VERNEKATEGORI:	Naturreservat
AREAL:	1053 daa
HØYDE OVER HAVET:	M.o.h. 72- 590
EIENDOM:	Gnr./bnr.: 20/53, 54

Faktaarket for tilbudsområdet Mørkevassdalen er skrive på bokmål av kartleggarane, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kappitelet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål. Skildringa baserer seg også på naturtyperegisteringar gjort av H. D. Rinde i 2009.

SKILDRING AV OMRÅDET

Undersøkellesområdet utgjøres av de bratte nordvendte liene av Groafjellet langs Flåvann i Kviteseid kommune. Topografen i området består i hovedsak av en bratt nordvendt lise hvor det i øvre deler av lia finnes mye stup og svært bratt terreng, med glissen tresetting. Det er mye rasmark, blokkmark og steinurer og tre bekkeløfter, en i vest, en i øst og en omtrent midt i lokaliteten. Helt vest i området og på toppen av Groafjellet i sør flater området noe ut. Øvre deler av området består av amfibolitt, amfibolgneis og metagabbro. Nedre deler av området består av granittisk gneis, granitt og granodioritt. Løsmassene består i hovedsak av et tynt dekke av morenemateriale, men med bart fjell og stedvis tynt dekke helt øst i lisiden og på toppen i sør.

Vegetasjonsgeografisk hører området til seksjon *OC-Overgangsseksjon*, vegetasjonssonene fordeler seg slik: boreonemoral 10%, sørboreal 80% og mellomboreal 10%.

VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Vegetasjonen i området varierer fra blåbær- og bærlyngskog til rikere vegetasjon av typene svak-lågurt-, lågurt- og små partier med kalklågurtskog med blant annet arter som blåveis, breifangre, tysbast, teiebær, kranskonvall, kantkonvall, skogsvinerot, gulstarr, grov nattfol, skogmariehånd, stortveblad, myske, liljekonvall, hengeaks, taggbregne, markjordbær, skogfol, teiebær, skogstorkenebb, skogburkne, vårerteknapp, trollbær, storklokke og gullris.

I fuktigere partier med kildepåvirkning, bekkesig og hogstaudevegetasjon er det blant annet arter som mjørdurt, bekkeblom, kratthumleblom, sauetelg, sumphaukeskjegg og bekkerundmose.

Det forekommer mye skred/rasmak, blokkmark og steinurer generelt i undersøkelsesområdet og i en del partier i de mest raspåvirkede og grovsteinete områdene er karplantefloraen dårlig utviklet. I disse partiene, særlig øst i lokaliteten finnes naturtypen alm-lindeskog og rasmak-almeskog hvor alm, lind og spisslønn dominerer med innslag av spisslønn, hassel, bjørk, gran, selje og gråor.

Store deler av undersøkelsesområdet er av hogstmoden og gammel skog, men det er spor etter plukkhogst i nesten hele området som ble befart, både i granskogen og i edelløvskogen. Det er spredt med eldre grove og hule trær av alm, lønn, lind i tillegg til enkelte grove seljer og osp. Det ble også gjort funn av flere, store gamle barlind innenfor kjerneområde 1. I områdene med alm-lindeskog er det partier med mye død ved i varierende nedbrytningsgrad. Selv om skogen preges av aktiv rasmak og tidligere plukkhogst, er den fortsatt fleraldret og særlig øverst i lia i underkant av de bratte bergveggene er det preg av mer eldre skog.

VERNEINTERESSAR

Artsmangfold

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå Norsk Raudliste 2015, frå Artsdatabanken. EN = sterkt trua, VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sårbar» er meir sjeldan enn «nær trua».

I området er det rikelige forekomster av de rødlistede treslagene ask (VU) og alm (VU), i tillegg til flere funn av barlind (VU). Av rødlistearter ble det under befaringen gjort funn av svartsoneskjude (NT), rosenkjude (NT), grønnsko (NT) og rynkeskinn (NT) som ble funnet mange steder, almekullskjude (NT), gul snyltekjude (VU) og bleikdoggnål (NT) i tillegg til *Skeletocutis exilis* som ikke er vurdert (NE) men som nylig er utskilt fra *Sk. brevispora* (VU), og er en naturskogsart som blir vurdert til 2021-rødlista. Tidligere registrerte rødlistede arter er to stk skumkjude (EN) som forekommer i gamle rike edelløvskoger, rosenjodskinn (EN) som typisk finnes i gammel granskog med mye død ved, først og fremst i rik lågurtgranskog i lavlandet, sjokoladeskjude (VU) som også er knyttet til rik granskog med mye død ved, lamellfolkjude (NT), og korallpiggsopp (NT).

Andre funn av arter som er verdt å nevne er gammelgranskål, gammelgranlav, snyltetynnkjude, rustkjude, duftskinn, granrustkjude, lungenever, sølvnever og almeteppepose.

Av krevende karplanter er det registrert arter som myske, vårerteknapp, breifangre, rødlangre, tysbast, kranskonvall, stortveblad, storklokke, kantkonvall, grov nattfol, skogsvinerot og taggbregne.

Dvergspett er tidligere observert i lia og det har vært registrert fiskeørnhekking i området over flere år.

Gammel rik edelløvskog er viktige leveområder for en rekke arter, her er det et høyt potensial for flere rødlistede og krevende arter knyttet til død ved, markboende sopp på rik mark med hassel og lind og krevende insekter i partiene med gamle hule trær, mye død ved og rik og varierende karplantefora. I den gamle granskogen er det også videre høyt potensial for krevende arter hvor det er mye død ved og rikt jordsmonn. Av rødlistede arter foruten alm, ask og barlind som alle er VU, er det gjort funn av 2 EN-, 2 VU-, 10 NT-, og 1 NE-art.

Naturtypar

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» naturtypar omtalt. Det er naturtypar som er gitt status etter kor stor risiko det er for at dei går tapt. Status er henta frå Norsk Raudliste for naturtypar 2018 frå Artsdatabanken. EN=sterkt trua, VU = sårbar, NT=nær trua der «sterkt trua» er meir sjeldan enn «nær trua». Det er avgrensa 2 kjerneområde innanfor området

Alm-lindeskog og rasmak-almeskog omfattes av den rødlistede naturtypen frisk rik edellauvskog (NT) og dekker mer enn 500 daa av arealet i øst (verdi A). Det forekommer også små partier med lågurt-hasselkratt som inngår i den rødlistede naturtypen lågurtedellauvskog (VU).

25 daa av lokaliteten er kartlagt som naturtypen *gammel granskog* (verdi B) med utformingen gammel lavlandsgranskog (60%). I tillegg inngår rik barskog med utformingen lågurtgranskog (35%) og små arealer med rik blandingsskog i lavlandet med utformingen sørboreal blandingsskog (5%). Den rødlistede naturtypen fosseberg (VU) inngår ved Groa sør i lokaliteten.

Området Mørkvassjuvet NR (utvidelse-Flåvatn) oppnår samlet høy mangeloppfyllelse. Området oppfyller høy vekt på parametrene lavlandsskog og biologisk gammel skog og middels vekt på parameteren høybonitetsskog. Området er vurdert til å ha nasjonal verdi (***) og vil være en god utvidelse av det tilgrensede verneområdet i øst.



Rasmark-lindeskog

Foto: Joachim Restad

FØREMÅL

Formålet med naturreservatet er å bevare et område i sørboreal sone som

- a. inneholder truet, sjelden eller sårbar natur, som de rødlistede naturtypene lågurtedellauvskog, frisk rik edellauvskog og høgstaudegranskog samt en rekke rødlistede arter innenfor flere organismegrupper
- b. har særskilt betydning for biologisk mangfold på grunn av gammel skog, grove trær og mye død ved

ANDRE INTERESSER

Sjå under tekniske inngrep.

TEKNISKE INNGREP

Det går enkelte traktorveggar og stiar innanfor området.

PLANSTATUS

Verneforslaget ligg innanfor område avsett til LNF (natur- og friluftsområdet i landbruks-) formål.

MERKNADER

Ingen.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen viser skogbruksdata for tilbodsområdet.

Namn	Total-areal	Produktivt areal i daa				Anna areal i daa				Tilvekst	Volum
	daa	H (20-23)	M (14-17)	L (6-11)	Sum	Myr	Skrap	Vei	Annet	m ³ /daa	m ³
Mørkvassjuvet utviding	1053	356	244	311	911		142			0,41	

Skogdataene er leverte av skogeigarorganisasjonen AT skog. Må justerast etter endeleg avgrensing.

LITTERATUR

Restad, J. og Brynjulvsrud, J. G. 2021. Naturverdier for lokalitet Mørkvassjuvet NR (utvidelse-Flåvatn), registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.

Naturbase: <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase>

Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no/>

7. Forslag til verneforskrift

Kommentarar til forskrifta

Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode. Definisjon på større arrangement har tidlegare vore om lag 30 deltakarar. I samsvar med den nye malen for forskrifter frå Miljødirektoratet er det ikkje gitt nokon eksakt definisjon på kva som blir rekna som større arrangement. Både type arrangement og tal deltakarar kan ha betydning. Som utgangspunkt vil idrettsarrangement og konsertar – eller liknande - bli omfatta. Føresegna er ikkje meint å regulere ordinær turverksemd i grupper, og felles turar og felles treningar med vidare blir dermed ikkje omfatta av forbodet. Utsetting av turposter og liknande blir heller ikkje rekna som arrangement, men kan rammes av forbodet mot midlertidige innretningar. Forskriftsmalen har i § 7 ein særskilt føresegn om dispensasjon som opnar for å gi løyve til aktivitetar nemnd i denne. Ut frå verneformålet for det enkelte området kan det vurderast konkrete unntak eller tilpassingar til disse føresegnene, for eksempel særskilt unntak for turorienterings- eller kjentmannspostar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om dispensasjon, og da kan forvaltningsstyremakta vurdere dette i samsvar med til § 7 bokstav g.

Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stiar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stiar kan kappes og leggst til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 bokstav b til rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdseisvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stiar ein *ikkje har kjent til* ved vernet.

Motorferdsel

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

Bruk av sykkel, hest og riding

Friluftsløven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på veier og stiar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftsløvens føresegn. Jf. føresegnet i § 5 bokstav b.

Brenning av bål

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat. Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre

Vedlegg 1.

Forslag til endring av forskrift om vern av Mørkvassjuvet naturreservat, Nome, Drangedal og Kviteseid kommuner, Telemark

I forskrift 17. desember 2010 nr. 1615 om vern av Mørkvassjuvet naturreservat, Nome og Drangedal kommuner, Telemark gjøres følgende endringer:

Overskrift skal lyde:

Forskrift om vern av Mørkvassjuvet naturreservat, Nome, Drangedal og *Kviteseid kommuner*, Telemark

§ 1 skal lyde:

Formålet med naturreservatet er å bevare et område i sørboreal sone som

- a. inneholder truet, sjelden eller sårbar natur i form av lågurtedellauvskog, frisk rik edellauvskog og høgstaudegranskog samt flere arter innenfor flere organismegrupper*
- b. har særskilt betydning for biologisk mangfold på grunn av gammel skog, grove trær og mye død ved*

Det er en målsetting å beholde verneverdiene i mest mulig urørt tilstand, og eventuelt videreutvikle dem.

§ 2 skal lyde:

Naturreservatet berører følgende gnr./bnr.:

Nome kommune: Gnr./bnr.: 115/1, 115/2, 115/7, 115/13, 115/15, 115/16, 115/28, 115/77, 115/81, 117/4, 117/6, 117/28, 118/1 og 118/28.

Drangedal kommune: Gnr./bnr.: 1/1 og 1/10.

Kviteseid kommune: Gnr./bnr.: 20/53,54.

Naturreservatet består av to delområder, Mørkvassjuvet og Londalen sør, og dekker et areal på ca. 25628 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert *Klima- og miljødepartementet* De nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

Verneforskriften med kart oppbevares i Drangedal, Nome og *Kviteseid kommuner*, hos *Statsforvalteren i Vestfold og Telemark*, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

Nytt kartvedlegg skal lyde:XX

Vedlegg 2: Eksisterande forskrift

Forskrift om vern av Mørkvassjuvet naturreservat, Nome og Drangedal kommuner, Telemark

Dato, FOR-2010-12-17-1615

Publisert, II 2010 hefte 5

Ikraftttredelse, 17.12.2010

Sist endret, FOR-2019-06-05-729

Endrer, FOR-2002-12-13-1523

Gjelder for, Nome og Drangedal kommuner, Telemark

Hjemmel, LOV-2009-06-19-100-§34, LOV-2009-06-19-100-§37, FOR-2018-06-15-891, FOR-2015-10-20-1905

Kunngjort, 21.12.2010 kl. 11.45

Korttittel, Forskrift om Mørkvassjuvet naturreservat

Hjemmel: Fastsatt ved kgl.res. 17. desember 2010 med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og 62. Fremmet av Miljøverndepartementet.

Tilføyd hjemmel: Delegeringsvedtak 15. juni 2018 nr. 891 og delegeringsvedtak 20. oktober 2015 nr. 1905.

Endret ved forskrifter 15 mars 2013 nr. 284 (i kraft 1 juli 2013), 5 juni 2019 nr. 729.

§ 1. Formål

Formålet med naturreservatet er å bevare et område som har særskilt naturvitenskapelig verdi på grunn av sin størrelse, stor variasjon av skogtyper og større arealer med naturskogpreg. Området er egenartet i form av stor artsrikdom, herunder flere sjeldne og sårbare gammelskogsarter av sopp og lav.

§ 2. Geografisk avgrensning

Naturreservatet berører følgende gnr./bnr.:

Nome kommune: Gnr./bnr.: 115/1, 115/2, 115/7, 115/13, 115/15, 115/16, 115/28, 115/77, 115/81, 117/4, 117/6, 117/28, 118/1 og 118/28.

Drangedal kommune: Gnr./bnr.: 1/1 og 1/10.

Naturreservatet består av to delområder, Mørkvassjuvet og Londalen sør, og dekker et areal på ca. 24 545 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Miljødirektoratet april 2019. De nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

Verneforskriften med kart oppbevares i Drangedal og Nome kommuner, hos Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet. Det samme gjelder jordskiftekartet som lages etter grensemerking.

0, Endret ved forskrift 5 juni 2019 nr. 729.

§ 3. Vernebestemmelser

I naturreservatet må ingen gjøre noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet.

I naturreservatet gjelder følgende vernebestemmelser:

1., Vegetasjonen, herunder døde busker og trær, er vernet mot skade og ødeleggelse. Det er forbudt å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller deler av disse fra naturreservatet. Planting eller såing av trær og annen vegetasjon er forbudt.

2. Dyrelivet, herunder reirplasser og hiområder, er vernet mot skade, ødeleggelse og unødige forstyrrelse. Utsetting av dyr er forbudt.

3. Området er vernet mot ethvert tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg, gjerder, andre varige eller midlertidige innretninger, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftledninger, jordkabler, kloakkledninger, bygging av veier, drenering eller annen form for tørrelegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forurensningstilførsler, henleggelse av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske bekjempingsmidler. Forsøpling er forbudt. Opplistingen av tiltak er ikke uttømmende.

4. Bruk av naturreservatet til teltleirer, idrettsarrangementer eller andre større arrangementer er forbudt.

§ 4. Generelle unntak fra vernebestemmelsene

Vernebestemmelsene i § 3 annet ledd er ikke til hinder for:

1. Sanking av bær og matsopp.
2. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldende lovverk.
3. Skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldende lovverk.
4. Oppsetting av nødvendige, midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt.
5. Beiting.
6. Vedlikehold av bygninger og andre anlegg og innretninger, herunder faste jakttårn, bryggefeste og landgang, som er i bruk på vernetidspunktet.
7. Vedlikehold av skogsbilvegene Ervingdalsvegen og Mørkvassvegen, samt traktorveger avmerka på vernekartet.
8. Bålbrenning med tørrkvist eller medbrakt ved, i samsvar med gjeldende lovverk.
9. Forsiktig rydding av småbusker og kvist på poster i samband med jakt på elg, hjort og rådyr.
10. Drift, vedlikehold og nødvendig istandsetting ved akutt utfall på eksisterende energi- og kraftanlegg.
11. Oppgradering/fornyelse av kraftledninger for heving av spenningsnivå og økning av linetverrsnitt når dette ikke forutsetter vesentlige fysiske endringer i forhold til verneformålet.
12. Mindre regulering av vannstanden i Springkåttjennane tilsvarende tilstanden på vernetidspunktet.
13. Vegetasjonsrydding og skjøtsel for å holde setervoller åpne, samt rydding og skjøtsel av hyttetomter listet opp som følger. Arealet skal fastsettes av forvaltningsmyndigheten etter samråd med grunneier.
 - a. Grimnesstaulene gnr./bnr. 115/1 og 115/7
 - b. Fritidseiendommene gnr./bnr. 115/15 feste 11, 115/77 og 115/80
 - c. Hytter på gnr./bnr. 115/7 benevnt som Gartjønn, Omland og Furustul
 - d. Hytter på gnr./bnr. 115/6
 - e. Hytter på gnr./bnr. 115/13 og 16
14. Merking, rydding og vedlikehold av eksisterende stier, løyper og gamle ferdselsveger.

§ 5. Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsomt og ta hensyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminner.

I naturreservatet gjelder følgende bestemmelser om ferdsel:

1. Motorisert ferdsel til lands og til vanns er forbudt, herunder start og landing med luftfartøy.
2. Utenom eksisterende veier er bruk av sykkel, hest og kjerre samt ridning forbudt.

§ 6. Generelle unntak fra ferdselsbestemmelsene

Ferdselsbestemmelsene i § 5 er ikke til hinder for:

Gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i forbindelse med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsvirksomhet, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver som er bestemt av forvaltningsmyndigheten. Unntaket gjelder ikke øvingskjøring.

Ferdselsbestemmelsene i § 5 annet ledd er ikke til hinder for:

1. Nødvendig motorferdsel i forbindelse med uttransport av syke og skadde bufe. Kjøretøy som benyttes skal være skånsomt mot markoverflaten. Det skal gis melding til ansvarlig oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring.
2. Nødvendig motorferdsel i forbindelse med akutt utfall på eksisterende energi- og kraftanlegg. Det skal i etterkant sendes melding til forvaltningsmyndigheten.
3. Nødvendig uttransport av felt elg og hjort med lett terrenggående beltekjøretøy som ikke setter varige spor i terrenget.
4. Nødvendig motorferdsel på etablerte traktorveger avmerket på vernekartet for transport av felt elg og hjort og for drift av bakenforliggende skog.
5. Motorferdsel på skogsbilvegene Ervingdalsvegen og Mørkvassvegen.
6. Preparering av skiløypa Knarren rundt på gnr./bnr. 115/1 og 115/7 og nødvendig motorferdsel i forbindelse med dette.
7. Nødvendig varetransport til hytter og stoler på etablerte traktorveger avtegnet på vernekartet.

§ 7. Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til:

1. Avgrenset bruk av naturreservatet for aktiviteter nevnt i § 3 nr. 4 (telteleirer, arrangementer mv.).
2. Istandsetting, vedlikehold og skjøtsel av kulturminner.
3. Hogst av etablerte plantefelt.
4. Tiltak i forbindelse med forvaltning av vilt og fisk.
5. Oppsetting av gjerder i forbindelse med beiting.
6. Gjenoppføring av bygninger og anlegg som er gått tapt ved brann eller naturskade.
7. Nødvendig uttransport av felt elg og hjort med annet kjøretøy enn lett terrenggående beltekjøretøy.
8. Oppgradering/fornyelse av kraftledninger som ikke faller inn under § 4 nr. 11.
9. Nødvendig motorferdsel i forbindelse med aktiviteter etter:
 - a. § 4 nr. 6 (vedlikehold av bygninger og andre anlegg og innretninger)
 - b. § 4 nr. 10 (drift og vedlikehold av kraftanlegg)
 - c. § 4 nr. 11 (oppgradering/fornyelse av kraftledninger)
 - d. § 7 nr. 3 (hogst av etablerte plantefelt)
 - e. § 7 nr. 4 (forvaltning av vilt og fisk, herunder transport av kalk med snøskuter i forbindelse med kalking av sure vann)
 - f. § 7 nr. 6 (gjenoppføring ved brann/naturskade)
 - g. § 7 nr. 8 (oppgradering/fornyelse av kraftledninger).
10. Nødvendig øvingskjøring for formål nevnt i § 6 første ledd.

§ 8. Generelle dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra forskriften dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9.Skjøtsel

Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan iverksette tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er formålet med vernet.

§ 10.Forvaltningsplan

Det kan utarbeides forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11.Forvaltningsmyndighet

Miljødirektoratet fastsetter hvem som skal ha forvaltningsmyndighet etter denne forskriften. 0, Endret ved forskrift 15 mars 2013 nr. 284 (i kraft 1 juli 2013).

§ 12.Ikraftttredelse

Denne forskriften trer i kraft straks. Samtidig oppheves forskrift 13. desember 2002 nr. 1523 om verneplan for barskog Øst-Norge, vedlegg 11, fredning av Mørkvassjuvet naturreservat, Nome kommune, Telemark.